

GULEN KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I GULEN KOMMUNE

Møtestad:	Gulasalen	Møtedato:	14.03.2014	Frå kl. :	09:45
				Til kl. :	11:00

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
1. Finn Johansen (leiar).	X		
2. Erna Kjelby		X	
3. Jarle Nordgulen.	X		
Varamedlemer :	Møtte:		
1. Gjert Knarvik.	X		
2. John Vatnøy.			
3. Bjørn K. Hjartholm.			
4. Ase L. Vatne.			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			

Andre som møtte :

SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme
KRYSS-revisjon v/forvaltningsrevisor Stig Årdal i sak 06/14

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :

Sak 01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 02/14 Skriv og meldingar.
Sak 03/14 Møteplan for kontrollutvalet i Gulen 2014
Sak 04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gulen
Sak 05/14 Revisor sin eigenvurdering av ubundenskap
Sak 06/14 Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt: Korrekt handsaming av di sak.
Sak 07/14 Oppfølgingsliste 1-2014 Gulen.
Sak 08/14 Eventuelt.


Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste

UNDERSKRIFTER :


Finn Johansen


Jarle Nordgulen


Gjert Knarvik


Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM-sekretariat

01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Gulen	14.03.2014	01/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

02/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2014.

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Gulen	14.03.2014	02/14	Ja

Saksvedlegg

- SM 1-14 Brev datert 13.1.2014 frå KRYSS Revisjon til Gulen kommune: Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.
- SM 2-14 Brev datert 20.1.2014 frå KRYSS Revisjon til Gulen kommune: Uttale frå leiinga – Gulen kommune sin rekneskap for 2013.
- SM 3-14 Årsrapport for 2013 datert 15.1.2014 frå skatteoppkrevjaren i Gulen kommune.
- SM 4-14 Brev datert 14.2.2014 frå Skatteetaten til kommunestyret i Gulen kommune: Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Gulen kommune.
- SM 5-14 E-post datert 5.3.2014 Invitasjon til FKT fagkonferanse i Haugesund 3. -4. juni 2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I GULEN

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
Dato: 02.01.2014

Utval	Dato	Saksnr	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Gulen	14.03.2014	03/14	Ja

Saksvedlegg:

Forslag til møteplan.
Møteplan 2014 – Gulen kommune

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Møteplan for kontrollutvalet i Gulen for 2014 vert godkjent.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Møteplan for kontrollutvalet i Gulen for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar:
2. juni, 3. oktober og 19. november. .

04/14 ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I GULEN

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutval Kommunestyret	14.03.2014	04/14 -	Nei Ja

Saksvedlegg.

Framlegg til årsmelding 2013 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gulen kommune vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gulen kommune vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gulen kommunestyre

ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gulen kommune har i 2013 vore samansett slik:

Medlem:

Finn Johansen (leiar)

Erna Kjelby (nestleiar)

Jarle Nordgulen (permisjon store delar av året)

Varamedlem:

Gjert Knarvik (fast medlem medan Jarle Nordgulen hadde permisjon)

John Vatnøy

Bjørn K Hjartholm

Åse L Vatne

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2013.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2013 har kontrollutvalet i Gulen hatt fire møte der det er handsama i alt 23 saker.

Overordna analyse for Gulen kommune vart vedteke i kontrollutvalet 22.3.2013, sak 3/13. Overordna analyse er grunnlaget for Plan for forvaltningsrevisjon, som vart handsama i kontrollutvalet 6.6.2013, og vedteke i kommunestyret 20.6.2014 sak 42/13. Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «Korrekt handsaming av di sak» som har 1. prioritet i Plan for forvaltningsrevisjon, er sendt til KRYSS revisjon november 2013.

Kontrollutvalet har i 2013 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har enno ikkje fått seg førelagt prosjektrekneskap.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 97170064	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn


Som faste saker på saklista har kontrollutvalet: Godkjenning av innkalling og sakliste, Skriv og meldingar, Oppfølgingsliste og Eventuelt.

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama: Møteplan for kontrollutvalet 2013, Vurdering av revisor si uavhengigheit, Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet og Årsrekneskapen 2012 for Gulen kommune.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit, og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Eivindvik, 14. mars 2014


Finn Johansen
Leiar


Gjert Knarvik


Jarle Nordgulen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 97170064	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

05/14 REVISOR SIN EIGENVURDERING AV UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Gulen	14.03.2014	05/14	Ja

Saksvedlegg

Brev datert 8.1.2014 frå KRYSS Revisjon v/revisjonssjef Terje Førde m/vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.

Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gulen kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap datert 8.1.2014 til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gulen kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap datert 8.1.2014 til vitande.

**06/14: PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –
KORREKT HANDSAMING AV DI SAK**

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet i Gulen	14.03.2014	06/14	Ja

Saksvedlegg

Brev datert 06.03.2014 frå KRYSS Revisjon: Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet
– Korrekt handsaming av di sak.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

RSK001.

Kontrollutvalssak 21/13 Forvaltningsrevisjonsprosjektet: Korrekt handsaming av di sak -
Tinging.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet – Korrekt handsaming av di sak, vert
godkjend.

Forvaltningsrevisor Stig Årdal møtte og gjekk gjennom prosjektplanen.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet – Korrekt handsaming av di sak, vert
godkjend.

07/14 OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 GULEN

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Gulen	14.03.2014	07/14	Ja

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 1-2014 Gulen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 1-2014 Gulen vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Oppfølgingslist 1-2014 Gulen vert teke til vitande.

08/14 EVENTUELT

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Gulen	14.03.2014	08/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Det var ikkje saker under eventuelt.